



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref  
18/489-74

Vår ref  
15/960-81

Dato  
22. januar 2019

## Stad skipstunell

Vi takkar for brev 29. oktober 2018 om Stad skipstunnel.

Stad skipstunnel har våren 2018 vore gjennom ekstern kvalitetssikring (KS2) på same måte som for andre store offentlege prosjekt med ei kostnadsramme over 750 mill. kroner. I denne prosessen har kostnadsanslaget auka frå 2,7 mrd. kroner i Nasjonal transportplan 2018-2029 (NTP) til 3,6 i kvalitetssikringsrapporten.

På bakgrunn av denne kostnadsauka vert det avgjort å gi Kystverket i oppdrag å gjennomgå heile prosjektet med sikte på å få kostnadene ned på NTP-nivå. Kystverket si utgreiing skal vere ferdigstilt innan 15. juni 2019.

Det er sett av 20 mill. kroner for vidare arbeid med prosjektet i budsjettet for 2019. Regjeringa vil ta stilling til vidare handtering av prosjektet etter at vi har motteke Kystverket si utgreiing.

Dykkar innspel vil bli tatt med i den vidare handteringa av saka.

Med helsing

Anita Christoffersen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Kim Ove Liaker  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.sd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 904

Avdeling  
Kyst- og  
miljøavdelinga

Saksbehandlar  
Kim Ove Liaker  
22 24 64 33